

## Informasjon til våre leverandører

I samband med regionreforma vert Hordaland fylkeskommune og Sogn og Fjordane fylkeskommune slått saman til Vestland fylkeskommune frå 01.01.2020. Dette er ei ny juridisk eining med eit nytt organisasjonsnummer.

Eksisterande avtalar vert vidareført på same vilkår. Der det er behov for å gjere tilpassingar i avtalen i samband med samanslåinga, vil leverandøren bli kontakta.

### Leveransar i 2019

Faktura som gjeld leveransar i 2019 skal sendast til dei respektive fylkeskommunane der bestillinga vart gjort, Hordaland fylkeskommune (org.nr. 938 626 367) eller Sogn og Fjordane fylkeskommune (org.nr. 941 388 841).

### Leveransar i 2020

Faktura som gjeld leveransar i 2020 skal stilast til Vestland fylkeskommune, med organisasjonsnummer **821 311 632**. Alle faktura til Vestland fylkeskommune skal sendast elektronisk i EHF-format.

#### Merking av faktura

Faktura skal merkast med ordrenummer frå vårt eHandelssystem i feltet for ordrenummer. I XML-fila skal dette plasserast i feltet **OrderReference/ID**

Faktura som ikkje har opphav i ei bestilling frå vårt eHandelssystem skal merkast med ein fem- eller seksifra referanse oppgitt av bestillar i feltet for dykkar referanse. I XML-fila skal dette plasserast i feltet **AccountingCustomerParty/Party/ContactID**

Faktura som vert sendt til feil fylkeskommune vert returnert med krav om kreditnota og ny faktura til riktig mottakar. Vi ber om at leveransar i 2020 ikkje vert fakturert før nytt organisasjonsnummer og aksesspunkt er registert og aktivert i ELMA-registeret 01.01.2020.

Ytterlegare informasjon om sending av faktura vil kome på den nye heimesida til Vestland fylkeskommune så snart dette er klart, [www.vlfk.no](http://www.vlfk.no).

Har du spørsmål?

Ta kontakt på følgjande e-post: [rekneskap@vlfk.no](mailto:rekneskap@vlfk.no)

### **Med venleg helsing**

Hordaland fylkeskommune  
Fylkeskassen

Sogn og fjordane fylkeskommune  
Løn og rekneskap